
Emne: VELKOMMEN TIL FJELLS

Dato: fredag 23. mars 2018 09:48:18 sentraleuropeisk normaltid

Fra: Knut Medhus

Til: Knut Medhus

Hei då reknar eg med at mange av dykk har pakka påskesekkane og er klare til påske på Holsåsen... Makan til snøpåske må me veldig mange år attende for å finne, så dersom sola også vil vera like synleg som ho er i dag torsdag, så blir det det som blir kalla drømmepåske. Holsåsen er klar med sine gode løyper, med lavvo du kan ta deg ei pause i eller aka på akebrett i bakken.. Mykje snø er også ei utfordring i forhold til snøskred. Sjølv om det på Holsåsen ikkje er mange områder som er utsette for snøskred, så vær uansett varsam med bratte skråningar denne påsken.

ÅRSMØTER i sti- og løypenemnda og velforeningen bør samle fullt hus på Steinstølen 29. mars frå kl 1700 – velforeningen først, deretter sti- og løypenemnda. Sjekk www.holsassen.no
Hol ysteri er oppe heile påsken – sjekk Facebooksida deires – likeså med Eira vilt og fisk i Hovet som bugnar av flott viltkjøtt av alle slag.

HUGS også at påsken gir auka trafikk på Varaldsetvegen og høge brøytekantar har redusert sikten fleire stader. Hugs fartsgrensa, hald deg godt til høgre og den som er på veg ned bør vike til side så fort som råd dersom han ser at det er bil på veg oppover! Det var dagens moralpreke!!

Summa summarum – nyt påskelivet på Holsåsen – lytt på Påskeradioen!!

Helsing
Holsåsen utmarkslag as

Knut Medhus